



312 ksk/Kaja 201606837-3
FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon

Senioringeniør Lars Kringstad, 71 25 84 50

Vår dato

23.01.2017

Dykkar dato

05.01.2017

Vår ref.

2017/191/LAKR/561

Dykkar ref.

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Sunndal kommune.

Seterkraft AS. Seterkraft kraftverk i Gaudalselva.

Søknad om endra krav til slipp av minstevassføring.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Gjeldande konsesjonskrav til minstevassføringsslipp er i dag på 290 l/s (sommar) og 50 l/s (vinter). Søknaden gjeld redusert slipp forbi inntaket til 140 l/s (sommar) og 20 l/s (vinter).

Møre og Romsdal fylke (tidlegare forsøksfylke der administrasjonane i Møre og Romsdal fylkeskommune og Fylkesmannen i Møre og Romsdal var slått saman) kom med fråsegn til utbygginga i brev av 26.06.2007.

Ut frå omsynet til det biologiske mangfaldet i og ved vassdrag ønskjer vi generelt høgast mogleg minstevassføring i alle utbyggingsprosjekt. I 2007 aksepterte vi likevel den omsøkte minstevassføringa. Endringssøknaden er no harmonert med minstevassføringsregimet i Gaudøla kraftverk lenger ned i det same vassdraget. Denne er noko høgare enn det vi tidlegare aksepterte. Den omsøkte minstevassføringa den gang var 109 l/s (sommar) og 16 l/s (vinter). I vår fråsegn peikte vi på at:

Den føreslåtte minstevassføringa kan synest i minste laget, særleg om vinteren. Vi registrerer likevel at feltarealet nedstraums inntaket, som inkluderer fleire bekkar, vil kome i tillegg til minstevassføringa. Med bakgrunn i dette, samt tilsvarande minstevasskrav til Gaudalskraft AS, kan vi akseptere det føreslåtte minstevassføringsregimet.

Fylkesmannen viser til tidlegare fråsegn og har ikkje ytterlegare merknader til søknaden.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef - plansamordning

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.